



Hordaland fylkeskommune

19 DES 2017

Hordaland Fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga
Pb. 7900
5020 BERGEN

| | | | | |
|-------------|------------|-----------------------------|-------------|------------|
| Saksnr. | Arkivkode | Saksh. | Dykkar ref. | Dato |
| 16/1145 - 7 | / Coo/ &75 | Grete Byrkjeland - 56575138 | 2016/6676. | 15.12.2017 |

Rapport: Lokale ord og uttrykk frå Samnanger, Kvam, Os og Fusa - Kulturtiltak

«Kva seier du?» - språkspel med lokale ord og uttrykk

Nettverket Kultur for eldre er eit samarbeid mellom kommunane Kvam, Samnanger, Fusa og Os med medlemmer både frå omsorgssektoren og kultursida. Dette nettverket har saman jobba med prosjektet «Lokale ord og uttrykk» som har resultert i kortspelet «Kva seier du?».

I Kvam, Samnanger, Fusa og Os er det mange kvardagsord- og uttrykk som kanskje er typisk for desse grannekommunane. Det er samla inn 51 lokaltypiske ord frå dei fire kommunane. Orda er trykt på kort i format ca 10x 15cm, -eit ord på kvart kort med forklaring på baksida. Korta kan brukast til lek, spørje- og mimespel i grupper.

Spelet fins i avgrensa opplag på 400 og er gjeve til avdelingar i kommunane kor fleire kan dela på spelet og ha glede av det saman. Sjukeheimar, dagsenter, skulebibliotek, folkebibliotek, frivilligsentralar og vaksenopplæring får spelet frå nettverket Kultur for eldre innan året er omme.

Gamle ord og uttrykk aktiviserer språklege og kulturelle erfaringar som kallar både på minna og låtten! Ein håper korta også kan vera eigna for å skapa kontakt mellom generasjonane. Fleire som har prøvd spela på dagsenter og i sjukeheime har fått gode tilbakemeldingar, det vekker minne, og det aktiviserar .

| ADRESSE | TELEFON | WEB/EPOST | INFO |
|----------------|--------------------------|-----------------------------|-------------------------|
| Rådhuset | Sentralbord: 56 57 50 00 | postmottak@os-ho.kommune.no | Bankgiro: 3201.48.86388 |
| Torggata 7 | Telefax: 56 30 75 26 | www.oskommune.no | Org.nr.: 844 458 312 |
| Pb.84, 5202 Os | Dir. innval: 56575138 | | |

Prosjektrekneskap:

| | <u>Inntekter</u> | <u>Utgifter</u> |
|---|------------------|------------------|
| Trykkeutgifter kortstokk med layout | | kr 28 520 |
| Hordaland fylkeskommune, tilskot kulturtiltak | kr 12 000 | |
| <u>Eigedel frå 4 kommunar á kr 4130</u> | <u>kr 16 520</u> | |
| Sum | kr 28 520 | kr 28 520 |

Kortspelet vert sendt dykk i nær framtid.

Med helsing

Grete Byrkjeland
Aktivitetskoordinator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på <https://www.norge.no>

| ADRESSE | TELEFON | WEB/EPOST | INFO |
|----------------|--------------------------|-----------------------------|-------------------------|
| Rådhuset | Sentralbord: 56 57 50 00 | postmottak@os-ho.kommune.no | Bankgiro: 3201.48.86388 |
| Torggata 7 | Telefax: 56 57 50 01 | www.oskommune.no | Org.nr.: 844 458 312 |
| Pb.84, 5202 Os | Dir. innval: 56575138 | | |